



Statens vegvesen region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/632 - 16/31654

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
17.11.2016

Søknad om skiltvedtak - kommunal gang og sykkelveg - Store Årdal - Vikanes

Lindås kommune søker Statens vegvesen om nytt skiltvedtak for kommunal gang og sykkelveg – Store Årdal (Urdal) – Vikanes.

Lindås kommune og Statens vegvesen har registrert at private har utvida avkøyrsla til kommunal gang og sykkelveg frå E39. Utvidinga har ført til at større køyretøy kan nytte denne. Dette ser kommunen på som svært uheldig for trafikksikkerheita langs E39.

Avkøyrsla er etablert nær tunnelmunning i søraust (ved Store Urdal) og kjem overraskande på dei som kjem gjennom tunnelen i høg fart. Køyretøy som kjem frå tunnelen vil ikkje klare å stoppe i tide dersom køyetøy kjem ut i frå eller skal inn i avkøyrsla. Lindås kommune og Statens vegvesen ønskjer å stenge avkøyrsla som køyrbar tilkomst.

Lindås kommune har ikkje funne skiltvedtak for oppsette skilt. Vi ber derfor Statens vegvesen om å fatte nytt skiltvedtak, med nødvendige endringar, for kommunal gang og sykkelveg. I nytt vedtak vil vi at eigedomar langs gang og sykkelvegen får tilkomst via kommunal veg på Eikefetsida av tunellen.

Lindås kommune, ved avdeling for byggesak, har i førehandsvarsel gitt Statens vegvesen frist for å tilbakeføre tiltak som er utført på vegvesenet sin veggrunn. For at Statens vegvesen skal kunne få utført arbeid slik ein ønskjer, må nytt skiltvedtak vera på plass.

Lindås kommune ber Statens vegvesen fatta nødvendig vedtak. Ber om snarleg sakshandsaming.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skiltplan gang og sykkelveg Store Årdal(211696)



Vedlegg:

Uttale på skiltplan kommunal gang og sykkelveg - Store Årdal - Vikanes (L)(214874)

Kopi til:

Lindås kommune fagsjef veg
Statens vegvesen, Region Vest
Statens vegvesen, Region Vest

Mottakrar:

Statens vegvesen region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER